

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kviteseid

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag: B

Oppskr. av: Jørgen Heggbaud

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Det var tala om engslått og utmark slåttor. Eit samnamn for høig som kom frå utmarkslåttor var skrapslått og høige var kalla "bukhøig".

Det var òv ikkje so godt som høig av dyrka mark som dei nemner for "hestehøig". Vøllhøig tala dei og om det var av ei fin slått ekre villvøll, som var fri for stein. Væ dei tala om gild eng som under husi, der ha dei hevde draget frå fjøset.

Under husi og ned frå fjøskjellaren kalla dei "dølar" "slåttedølen" sa dei. Her var var graset alltid so feit og kraftig. I slike dølar la det seg oftast i legdeer so her slo dei som regel tidlegast, ellers rotne det i roti då det var tidleg utvaksle.

2. Rydning.

På utslåttar laut dei passe på at ikkje røyning og lynng fekk yvitake slike at slåttone grodde att. Dei rudda opp utslåttar inn i skogarne for

2.

i myrennør der det var godt gras. Dei sat jamnast med mange krøtor, og då måtte dei skrape innåt vis dei skulde få fore til å strekka til.

Dei ruddede saman stein som lag lause oppå og heiv dei saman i runingsrøysar eller byggde steingarar til gjere av dei. Ein kann sjå ofte slike røysar og steingarar på stæer som no er tilvokse med skog. Det var slege med stultorve her.

3. Mosevaksen eng.

Dei brukte som regel sama åkeren oppatt i gamle dagar, difor var der ikkje tilsådd nyeng.

Dom regel breidde dei møke ut yver jøre om hausten for å hevde vollen på den måten. Mosen fekk då ikkje tak til å koma slik når dei gjøsla. Dette driv og same med den dag i dag men de gjeng no meir av bruk. Det var å overgjøse engi.

4. Myr og vassjuk jord.

Her var grøne grøfter som dei tenk med stein "mønetening" var mest brukte og såg slik ut:



Det var set to hellor mot einanden og på sidorne fylte dei med småstein, etterpå lagde dei torv over vreitane. Dei hev seinare brukte borluar men dei er og no erstatta med brente rør frå fabrikk. Der det ikkje er sær myki vatn brukte dei og fylte vreitane med småstein. Dei leide vatnet bort frå

åker og eng med små vreitor kalla
 "flövreitor" dei var kasta rønt åker-
 ane og var ca ein fot djupe og breie.
 Disse samla då vatnet upp so det
 ikkje rann i åkeren og grov upp i
 regnturar. Dei grov og små vreitor
 frå fjøskjellaren og med yver engi
 eit stykke det vart då sver eng nær
 det var so sterkt gjøsla.

Dei høla ut frekublar som var kloyde
 til rennor. Disse var so bruka til
 å leida vatn frå bekkir og brønnar
 ut i hagan og ved husi!

5 - Gjødsling.

Ybergjødsling av eng^{er} vistnok
 gamal og bruka myki her i
 bygdi i gamle dagar.

No for tid gjeng dei meir yver
 til landkomar og utkjøring av
 lande vår og haust.

Dei breidde gjødslig på dyrka
 og udyrka mark so sant dei
 ha rå til det. I utkanten av
 jøre stod strom regel værfjøset
 der dei ha krøturi um sumaren,
 og ikkje ha stauke til garden.

Der samlas då ein del gjødsl som
 sidan var breidt yver slattebute
 marki derkring.

6.

Noke sarnavn ha dei ikkje på eng
 som var gjødsla med vintergjødsl.
 Dei husi på garden som fjøstald

4

var som regel sette i bakkarne
slik at gjødsledrekket skulde siga
ned yver på engi. Det kalla
dei "hevde drag".

8.

Engi var gjødsla om hausten
då fekk gjødsli vatne seg ut om vinteren.
Gjødsli var kjørt ut i hangar.
So bar dei den ut yver i tretrog
og spreidde den med tregreip.
Fyrst med ein tre, seinā jarn.
Til å stå sund lorteklampar var
so fyrst bruka ei klubbe. Gjødsel-
klubba. "sinar greip".

9.

Det vanlege var å beite jori både
haust og vår. Det fyrste var i
vårknipa då høyet frant. Og
det andre var det at gjekk kyrne
lunge ute og grog om hausten
vart avlenga så myki ned til
neste år. Både måtar er skadeleg
slik at no er det slutt med vår
beita om, den var veerst.

Fluster og sauene er hardest med
ekrone då dei klyper graset so
lett nedåt. Difor var slatten so sun
mange gangor her uppe i fjellbygdan
av di dei vårbeite so hardt.

Um våren beite dei stykke av jori
som var dårlegare slatt, um hausten
for dei yver alt etter slatten "kobeite".

10.

Det var ein omsnudna med dette etter

3517

1900 talet. Ein og onar dreiv med det nokre år framtyver, no er det sjeldan at folk gjer det. Dei tek no høg på bilar utatte frå flatbygderne i staen om våren. Dei som dreiv me vårbeita laut som regel kaupre høg kvar vår. De er skivne armoi å driva på den måten sa dei.

11.

Dei for rundt og slo sund gjøstli som krøfuri la etter seg. Det var i gamle dagar bruka „gjødskelubbe“-seinare greipen, eller mjøstynge som dei sa i gamal tid.

Gjødskelubbe var slik: Greipen var skodd



og av tre men seinare kring mitten av 1800 talet smia dei beslag på enden av kindarne.

12.

Dei hae mest alle stæer eit vår fjøs i utkanten av jøre. Det er det att av i bygdi enno. Her ha dei kjysne sumarsid når dei ikkje ha spauke til garen.

Mjøki var so spreit utyver um hausten eller våren på dei stæer som dei slo eller skulde beite.

13.

Some stæer ha dei innbengningar kalla „kveir (i fleirtal) kvei“ i når dei sala om ei. Her ha dei

Småkrøturi i sume og andre kjyrne. Desse kveirne ha dei mest på staularne ut yver selvolden. Her var grasst slege før krøturi kom kring jonsoktider. Desse kvegrindane var so fyttte rundt på selvolden og på den måten fekk dei gjøsk den uyr. Det var um kvelden dei dreiv buskaper inn i „kvei“. Dei slo sund moki med klubbe semare greip. Kvei var ihopsette av 4 grindar. Det gjekk av bruk før 1700 talet. Dei ha teke til med fjøs på staularne og, då krøturi ha det hustru og kaldt av å liggja på bakken, då avist i kaldt verk. 15-16-17.

Lang tid atende då her var myki med skrubb og bjørn, laut dei liggja vakt vis dei såg kjyrne var urolige. Det var merke på at udyr var i nærleiken. Dei nør de då uyr eit bål og varmen heldt udyri undan. Hus er det ikkje nokon som kann hugse hov vore bruka til å ligge å vakte i, heller ikkje hva slag kost dei ha. —

Eni segn fortel om ein mann som heitte Londre Dale i ytre Seljord. Dale ligg vestunder Brokesjøll og grensar til Kiln i Kvibeseid. Her ha Dalsfolki staulen sin som dei kalla „Lindalen“. Her låg so Londre

um Lumaren og gjette krøturi.
 Når Londre skulde ha inn sauene
 i kvei om kvelden var dei mest
 ikkje til å få inn, dei for hit
 og dit. Lume tider høyrde han
 det brysja og jaga men han såg
 ikkje noko. Londre ha nok sine
 tankar om at tussarne ha fingrar med
 i spelet. Ein kveld Londre sit ute
 og røykjer i selstøi ropar han
 ut i vere på spøk. "Be far din
 koma hit i kveld so eg får snakke
 med han." Ja svarar det bort i
 fjøllen. Som det lid av ei stund kjem
 ein gamal mann ruslande.

Helsar godkveld, og tek til å røda.
 "Ja de va ein ting eg vi spurja
 deg om sa Londre, korleids kann
 det hava seg at sauene mine er
 so rødde av seg når eg skå ha dei
 i kvei om kvelden." "Ja de skå
 eg sei deg sa gamlingen. "Da ar nå
 mine og dine sau er kjem i hop
 det so må me sjylja dei att."

"Ar det ikkje ana" sa Londre.
 "Men kann du sei meg om her er
 bynn i fjøll et no." "Nei det ar
 de ikkje men, ~~men~~ ar du rektig
 tidleg i morgo med same soli sprett
 so skjyt du ein elg, og ar du skarp
 so skjyt du ein te." "Ja du skå ha
 sakk som sa meg de sa Londre." So
 ruslar gamlingen att.

(i fjøll)

Tidleg neste morgo er Londre i Brokøfjell
 med same soli sprett. Ljyt so ein elg

den andre tek ut. Men om eit
 bel kjem den att og vil sjå etter
 maken sin. So spjyt Londre den
 og. Med Londre fraktar på kjötet av
 Elgarne hev det ei natt vore ein
 björn og reist med sine låret av
 elgen. Londre steller seg ei "bjør-
 nestilla" og legg seg til å passa
 på, ei natt kjem den og Londre
 legg den og red på. Men då va
 le kjöt på dale segjer han.

Han ha ein stor svar nest som heite
 Salsvarfen, den fekk eit sig i ryggen
 av føringi av alt kjötet.

18.

Lauffjøs utanom grindan hev det
 vore mindre av. Men dei fortel om
 ein mann på staulen sin som
 reiv ned att fjøset han hae bygt.
 Han fekk ikkje gjøste staulen slik
 som når dei ha kjyne gangande
 utyver.

19.

Dei ha og ord som likna på "kvei"
 og som dei brukar her i bygdi.
 Ennå. Det er ordet "trä". Dei segjer:
 "Me lyt driva kjyne bort i träi".
 Same brukar harni det er truleg
 at det gjeng yver til det snart.
 På Heggkøit i Brunkeberg er ei
 slik "trä" mura rundt med ein
 steingare. Den ser slik ut.

→ ca 50 m i kant.



Den hev ein opning i eine enden.
 Den gjeng under navnet "grisetrai"

og hev vore brukta til å hava grisarne
i um samaren. Den hev vore brukta
i 1700 og 1800 talet.

20.

Dei ha som regel berre grindar
på stauls volden, sjeldan gjære,
Dei slo for kjerne kom der. No gung
det abende med heislåtton og stauls
bruket. Dei rar ned til kultarbeite
og gjødslar med kaupregjødsl og sær
til grasfrø. Ved godt stell so får
dei gode beite.

Jå dette var om engkultur og
beite i bygdi i gamal tid, og
fram til våre dagar.

3517

